

Magne Gurskevik, HR-Manager, Kleven Verft AS
Fafo Østforum workshop 04.04.06.

Kleven Verft og Kleven Maritime

Kleven Verft er eitt av selskapa i Kleven Maritime. Kleven Maritime omfattar verfta Kleven Florø. Myklebust Verft og Kleven Verft, og design-selskapet Kleven Design i Florø. Kleven Maritime har til sammen ca 550 tilsette.

Kleven Verft ligg i Ulsteinvik på Sunnmøre og har pr. dato ca 155 tilsette.

Historisk har vi hatt opptil 400 eigne tilsette. Vi har hatt over 1000 personar i arbeid samtidig på verftet – i samband med bygginga av hurtigruteskipa Nordkapp, Nordnorge og Finnmarken (Då Finnmarken vart bygt i 2002 var vi ca 300 eigne tilsette)

Ordrereserve:

Kleven Verft har pr dato ca 10 offshore-fartøy i ordre til ein samla kontraktsverdi på ca 3 milliardar NOK ved Kleven Verft.

Vi har oppdrag som stort sett gir full sysselsetting ut 2008, og fleire kontrakter er under forhandling.

Utvikling siste 1 ½ år

I august 2004 hadde vi 0 NOK i ordreserve. Vi hadde ca 115 tilsette. Vi har no ca 155 tilsette og skal auke opp til ca 170 tilsette i løpet av året.

Vi har pr dato inne ca 350 arbeidarar som jobbar for andre firma enn Kleven Verft. Vi har 7/8 utanlandske selskap inne og 4 /5 norske firma.

Byggemetode:

Kleven Verft har alle fasilitetar for båt-bygging og kan produsere komplette skip opptil 150 m lengde og 30 meters breidde.

For 4 år sidan avvikla vi stålbygging på eige anlegg og sette dette ut til underleverandørar i Romania og i Polen.

Etter utvidinga av EU, og implementeringa av EØS-avtalen slik at den også gjeld Polen, har vi fortsatt sett bort stålproduksjonen til utanlandske selskap, men no slik at det delvis foregår stålbygging i Polen, og delvis på anlegget i Ulsteinvik. Vi får dermed både heile skrog frå Polen og vi får frakta oppover stålseksjonar på lekter som blir satt sammen på bedding.

Deretter sluttutrustar vi skroga og leverer komplette skip frå Kleven Verft. Dette året skal vi totalt levere 6 offshorefartøy – eitt av desse sett bort til anna verft.

Konsekvensar av tenestedirektivet

Vi set bort store deler av kvar kontrakt til underleverandørar på fastpris. Vi produsere vel 20% av timane på kvart oppdrag med eigne tilsette.

Praktisering av tenestedirektivet har gitt oss fornya konkurransekraft og har skapt mange nye arbeidsplassar i Ulstein.

I løpet av 2006 tilset Kleven Verft fast ca 65 nye medarbeidarar. (Statistisk fører ein arbeidsplass på verftet til 4 – 7 arbeidsplassar i andre verksemdar)

Vi gir varig arbeid til ca 350 andre tilsette. Ca 80 av desse er frå nærområdet (Særleg Hareid Elektriske). Dei øvrige er frå Polen, Litauen, Danmark og Sverige.

Vi kjøper varar frå Nærmiljøet (På Nordvestlandet) for fleire hundre millionar pr. år.

Vi ordnar med innkvartering for ca 300 personar. Talet er aukande.

Ulstein kommune er den kommunen på Nordvestlandet som har størst innslag av utanlandsk arbeidskraft – ca 650 er registrert hos styresmaktene.

Forholdet til den lokale klubben:

Vi har faste møte med klubben 1 gang pr måned der vi går igjennom premissar for, og planar om arbeidet som foregår på anlegget – inkludert forholda for underleverandørar.

Vi er svært tilfreds med det resultatet som kom av dei siste lønnsforhandlingane. Her får vi avtalefesta forpliktingar for begge partar, og dette gjev oss formelt grunnlag for å sikre oss ytterlegare i forhold til underleverandørane, og påverke desse til å ha gode forhold for sine tilsette. Vi er opptekne av å samarbeide med seriøse aktørar som på sikt kan forsyne oss med dei beste fagfolka, anten dei jobbar på våre prosjekt i Polen eller i Noreg.

Krav frå underleverandørar i Polen

Vi må no gi forsikringar om at firma vi inngår avtalar med periodisk får sende tilsette til Noreg på oppdrag. Dersom dei ikkje kan love sine tilsette slik utestasjonering, misser dei fagfolk til andre.

Kontraktsmessige krav til underleverandørane:

Vi har i alle kontrakter forplikta underleverandørane konkret i forhold til gjeldande regelverk, og lovverk. I nye kontrakter vil dette bli ytterlegare understreka.

Kvalitetssikring av underleverandørar vil verte ytterlegare forsterka.

Tenestedirektivet fungerer

For vår bedrift og for vårt konsern har tenestedirektivet gitt varige og positive verknader. Og det har ført med seg eit forsterka oppsving i den maritime klynga på Nordvestlandet.

